

Oppsummering frå hyttemøtet 07.10.17:

Tilstade: ca. 60 hyttegolingar

Innleiarar:

Ordførar Heidi Granli – Velkommen, fakta om hyttegolingene, aktivitetar og tenester for hyttegolingene og oppfordringar

Gol kommune, avd. Samfunn og utvikling v/Hanne Cecilie Nes – Informasjon om reglar og lovverk knytt til hyttebygging

Hallingdal Renovasjon v/Torgeir Vestenfor – Informasjon om renovasjonsselskapet i Hallingdal og renovasjonsløysingar på Golsfjellet

Hytteundersøkinga 2017/Second Homes v/Gudmund Brekko – resultat frå hytteundersøking som er gjennomført i Gol kommune

Visit Gol v/Kari Anita Brenna – Informasjon om destinasjonsselskapet, turistkontoret og aktivitetar

Innspel frå hyttegolingane:

- Meir bidrag frå kommunen til løyper, sumar- og vinteraktivitetar, vedlikehald av sti og løyper
- Skapa ein kommunikasjonsplattform mellom hyttegolingane og kommunen, gjerne bruk av heimeside der ein kan dele relevant informasjon
- Oppfordring til aktørar om å bruke enkle betalingsordningar som blant anna Vipps
- Ynskje om tidlegløyper, men det krev vedlikehald
- Større og betre skilting ved renovasjonspunkta på Golsfjellet om opninstider til Klemmavegen/avfallsmottaket
- Ynskje om at Hallingdal Renovasjon også tilbyr sortering av matavfall
- Ynskje om meir informasjon om kollektivtrafikken i og til/frå Gol
- Oppfordre om at dei som ikkje deltek med løypebidrag (påstått ca 50 %) faktisk blir med å bidrar
- Framleis behov for å sende ut papirfaktura til eldre
- Det vart oppfordra frå ordføraren at hyttegolingane kan prøve å organisere seg slik at kommunen på sikt kan ha faste og hyppigare møter med representantar for hytteeigarane på Golsfjellet.

Innspela bli tekne vidare til relevante aktørar.